

Vindafjord skogeigarlag
v/Magnus Frøyland
Tørsdalsvegen 199
5574 Skjold

Uttale

Utviding av Utbjoa tømmerkai, Vindafjord kommune

Rogaland skognæringsforum støttar ein søknad om statlege midlar til utviding av Utbjoa tømmerkai i Vindafjord.

Rogaland skognæringsforum viser til møtet den 17. mars om utviding av Utbjoa tømmerkai.

Generelt

Vindafjord skogeigarlag, som eigar av kai og bakareal, søker offentleg støtte for utviding av tømmerkaien på Utbjoa i Vindafjord kommune. Rogaland skognæringsforum har over ein ti-årsperiode vore tett på prioritering, planlegging og bygging av tømmerkaiar i Rogaland. Vi ønskjer difor også å gi uttale denne gongen.

Vi reknar med at det meste av fakta rundt kai, tilkomst og tømmertilgang er kjent frå søknad, og bl.a. gjennom uttale frå Statsforvaltaren i Rogaland. Vi avgrensar difor uttalen til det vi meiner er ein del viktige moment ved vurdering av investeringa.

Ei av hovudutfordringane for å utnytta potensiala i kystskogbruket er infrastruktuen, både på land og sjø. Effektiv logistikk er ein føresetnad for å kunna konkurrera på ein internasjonal marknad. Gode og rasjonelle tømmerkaiar effektiviserer transporten og aukar nettoen til skogeigar.

Utbjoa

Geografisk ligg Utbjoa gunstig til både for sluttlasting langs kysten og for sagtømmer til Moelven Granvin Bruk frå heile Haugalandregionen. Det er også rimeleg greie maritime tilhøve i tilknytning til denne kaien. Men det ligg ein grunne ved sida av innseglinga som gjerne kunne vore merka. Vindafjord skogeigarlag er også eigar av godt arrondert bakareal til kaien.

Vi har etter kvart erfaring med kor viktig det er for logistikk og driftsøkonomi at skogbruket sjølv har hand om kai og baklager. I dette ligg også at det ikkje bør vera restriksjonar for bl.a. når på døgnet det kan lastast/lossast. Kaien må normalt vera døgnoopen.

Dekningsområde og kaibehov

Dekningsområde for Utbjoa tømmerkai har i praksis utvida seg mykje dei siste åra. Skogbruket på Haugalandet har nytta fleire kaiar som det berre finst/fanst kortvarige leigeavtalar for. Gradvis har det blitt vanskelegare å få tilgang på desse kaiane. I praksis blir det etter kvart vanskeleg eller uråd å levera tømmer over Ramsvik kai (Yrkje) i Tysvær kommune. Dette saman med sterke innskrenkingar på andre kaiar i regionen, t.d. Dommersnes kai, gjer at tømmer frå Tysvær, Bokn, Haugesund, Sveio og delar av Karmøy heretter må gå til Utbjoa tømmerkai.

Kaisituasjonen på Haugalandet har endra seg mykje sidan Rogaland skognæringsforum utarbeidde ein rapport som grunnlag for rapportering i 2013, «*Aktuelle utbyggingsprosjekt av tømmerkaiar i Rogaland*». Sentrale delar av Tysvær bruka først Hinderåvåg tømmerkai, seinare Ramsvik (Yrkje) kai. Tømmeraktørane har også hatt avtalar med andre større og mindre kaiar i regionen. Denne ordninga har aldri fungert godt, men med større krav til rasjonalitet frå alle partar, kan ikkje ei seriøs næring basera seg på slike opplegg; særleg når også krava frå utleigar blir strengare.

Skogbruket på Haugalandet, inkl. Etne og Sveio i Vestland og delar av Suldal, har no to tømmerkaiar å basera tømmerleveransar på, Søndenåneset i Vikedal og Utbjoa i tidlegare Ølen kommune. Det er svært positivt at desse ligg i kvart sitt fjordbasseng fordi det vil kunna rasjonalisera logistikken.

Samarbeid om kai og baklager

Sjølv om det er Vindafjord skogeigarlag som er eigar av kaien, meiner Rogaland skognæringsforum at alle skogeigarar i regionen må ha lik rett til leveranse over kaien, uavhengig av tømmerkjøpar/tømmeraktør. Det må difor som ved andre tømmerkaiianlegg med offentlege tilskot, utarbeidast eit dokument om bruksrett, og dette må tinglysast. I praksis er det eigar av anlegget som erklærer at alle skogeigarar i regionen har prioritert bruksrett til anlegget.

Konklusjon

Rogaland skognæringsforum er glad for initiativet frå Vindafjord skogeigarlag som kaiengar om utviding av kaien. Vi støttar denne investeringa fullt ut og håpar den vil kunna bli prioritert i tilskotssamanheng. Større dekningsområde, større drifter og større båtar gjer det heilt nødvendig å tilpassa kaien til framtida. Fleire tømmeraktørar og fleire sortiment (sagtømmer) verkar også inn på logistikken. Spesielt delar av Karmøy, Haugesund, Bokn og Tysvær vil bli avhengig av Utbjoa tømmerkai no når andre kaiar blir stengt for tømmertransport.

Stavanger, 8. april 2022

Med helsing
Rogaland skognæringsforum

Olaf Gjedrem s/
styreleiar

Lars Slåttå s/
rådgivar

Kopi til:

Tysvær kommune	Postboks 65	5575	Aksdal
Næringsavdelinga			
Vindafjord kommune	Rådhusplassen	5580	Ølen
	Postboks 116	3701	Skien
	Sentrum		
Nortømmer AS Avd.	Strandbakken	4070	Randaberg
Randaberg			
Statsforvaltaren i Rogaland	Postboks 59	4001	Stavanger

Rogaland Skognæringsforum er ein interesseorganisasjon for skogsektoren i Rogaland. Føremålet er å styrkja og utvikla skog- og trenæringa i Rogaland. Forumet blei stifta i 2011.